

23.11.2009

Stappfullt hus på fotballfest!

Søndag ettermiddag var Rosendal samfunnshus stappfullt! Då inviterte fotballgruppa i Rosendal Turnlag til den årlege sesongavslutningsfesten for fotballspelarane i ungdomsgruppa. Sjølv om det i år var sett inn ekstra mange bord og stolar til denne store festen, var kvar einaste stol i bruk. Dette fortel noko om den store aktiviteten turnlaget driv for denne aldersgruppa.

Mellom dei som deltok på festen, var det naturleg nok mange uskedelingar. Frå spelarane er i 12-årsalderen samarbeider Rosendal og Uskedalen om laga. Det er tett på 40 uskedelingar fordelt på alle dei 10 laga. Gutelaget f. -96 er administrert av Uskedalen medan dei resterande laga vert administrert av Rosendal. Den aktive ungdomsleiaren, Arvid Nes, fortel at dei har svært gode erfaringar med samarbeidet.

- Det er svært positivt, seier han. Vi er svært imponert over det store og gode ungdomsarbeidet som vert gjort i gruppa, og Arvid kan fortelja at det ligg ein svært stor innsats bak. Nokre tal stadfestar dette: Det er om lag 225 aktive fotballspelarar i ungdomsavdelinga. For å gje dei eit tilbod har ein 50 trenarar. I tillegg kjem ein del som har styre- og andre dugnadssoppgåver. Totalt reknar ein med at det vert lagt ned 15.000 dugnadstimar åleg. Til å ta av seg hatten for!! Imponerande! Arvid og medhjelparane hans fortener mykje ros og takk.

PÅ festen vart det delt ut premiar til spelarane på alle dei 10 laga. For jentelaget, f. 92-94, vert det endå meir premiering på kretstinget i februar. Dei stod for årets prestasjon då dei vart kretsmeistrar. Klubbdommarar fekk velfortent merksemd. Det gjorde også sponsorane.

Brus, kaffi, kaker og pølser vart servert, det var god stemning og ein hyggjeleg avslutning på årets sesong for dei nær 400 frammøtte.

For fleire bilde, sjå: www.rosendal-turnlag.no